



# Fylkesmannen i Hordaland

**Jobbnorge-ID:** 109181

**Søknadsfrist:** Avsluttet

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## Rådgjevar (jurist)

Ved Helse- og sosialavdelinga har vi ledig fast stilling som rådgjevar (jurist).

Helse- og sosialavdelinga har ulike rådgjevings- og forvaltningsoppgåver, og fører tilsyn med barnevern, helse-, omsorg- og sosialtenesta i fylket. Fylkeslegen leier avdelinga som har tilsette med barnevern-, sosial-, helse-, juridisk-, pedagogisk-, samfunnsfagleg og administrativ kompetanse.

Avdelinga har mange utfordrande og spennande oppgåver som inneber brei kontakt med kommunane, helseføretak og andre verksemdar i spesialisthelsetenesta og nasjonale styresmakter.

Den som vert tilsett vil i hovudsak ha oppgåver knytt til sosial- og barnevernsseksjonen. Saksområdet er breitt og har mange juridiske problemstillingar. Andre oppgåver kan verte tildelt etter avtale med seksjonsleiar.

### Kvalifikasjonar

- juridisk embetseksamen/master i rettsvitenskap
- interesse for offentlig sektor og forvaltning
- kunnskap om aktuelle lovverk

### Personelege eigenskapar

Personen vi søker må ha gode samarbeidsevner og kunne kommunisere kompliserte problemstillingar på ein god måte. Den som blir tilsett må kunne arbeide sjølvstendig innanfor sette fristar.

God munnleg og skriftleg formidlingsevne, både på nynorsk og bokmål, er ein grunnleggjande føresetnad. Vi ber om å få lagt fram arbeid som viser dette i praksis

Vi søker ein medarbeidar som har interesse og engasjement for sosial og barnevern og som ser det som viktig å samarbeide tett med kollegaer, både når det gjeld tildelte saker og oppgåver, og i avdelinga sitt samla arbeid.

### Vi tilbyr

- interessante arbeidsoppgåver
- ein arbeidsplass i utvikling
- godt, tverrfagleg arbeidsmiljø
- medlemskap i statens pensjonskasse med høve til bustadlån
- bedriftsidrettslag
- fleksibel arbeidstid
- kontor sentralt i Bergen

#### Tilsetjingsvilkår

Stillinga er løna i st.kode 1434 rådgjevar ltr.52-58. For særskilt kvalifiserte søkerar kan vi vurdere høgare løn og stillingskode. Frå løna vert det trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse. Det er fastsett ei prøvetid på seks månader.

Fylkesmannen følgjer avtale om fleksibel arbeidstid i staten. Tenestemålet er nynorsk. Fylkesmannen ønskjer mangfald. Vi oppmodar difor alle kvalifiserte til å søkje stillinga, uansett alder, kjønn, funksjonsevne, nasjonalitet eller etnisk bakgrunn.

Spørsmål om stillinga kan rettast til Øystein Breirem Jacobsen, tlf. 55 57 22 13 eller fylkeslege Helga Arianson, tlf. 55 57 23 38.

Du søker stillinga gjennom søkjarportalen [www.jobbnorge.no](http://www.jobbnorge.no) Alle søkerar må legge ved vitnemål og attestar. Har du utdanning frå utlandet må du legge ved godkjende omsettingar og NOKUT-godkjenning.

Søkarar kan verte ført opp på offentlig søkerliste sjølv om søkeren har oppmoda om det motsette, jf. offentleglova. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følge vert søkeren varslet.

## Tilleggsinformasjon

### Arbeidssted: